



GLOPPEN KOMMUNE

Sakspapir

| SAKSGANG | | |
|---------------------------|----------|--------|
| Styre, utval, komite m.m. | Møtedato | Saksnr |
| Oppvekstutvalet | | |

| | | |
|------------------------------------|------------------|---------------------|
| Avgjerd av: Oppvekstutvalet | Arkiv: A1 | Arkivsaknr.: |
| Saksbehandlar: Arne Eikenes | Objekt: | 2004001792-2 |

NY BARNEHAGELOV - HØYRING

Dokumentliste:

| Nr | T | Dok.dato | Avsendar/Mottakar | Tittel |
|----|---|------------|--|---------------------------|
| 1 | I | 09.11.2004 | Det Kongelige barne- og familiedepartementet | Ny barnehagelov - høyring |

Saksvedlegg:

Innspel til høyring frå 6 barnehagar i Gloppen.

Medlemene har tidlegare fått utlevert Departementet sitt høyringsutkastet til ny barnehagelov.

Bakgrunn for saka:

Kommunane er mellom høyringsinstansane til ny barnehagelov. Noverande lov vart vedteken 5. mai 1995. Stortinget skal vedta ny lov i 2005.


Barne- og familiedepartementet seier at formålet med den nye lova er å imøtekomme behovet for ei forenkling og modernisering av den lova vi har i dag. Departementet peikar på at kommunane gradvis har fått fleire oppgåver og plikter som barnehagemynd, og at det ut frå dette også bør vere kommunane sitt ansvar å finne løysingar på dei ulike utfordringane. Intensjonen er at den nye lova skal tydeleggjere oppgåvene til dei ulike ansvarsnivåa, og legge til rette for nye etableringar, auka lokal tilpassing og mangfald i barnehagetilbodet. Lova skal også legge til rette for auka foreldremedverknad.

Saksutgreiing:

Saka har vore drøfta på møte for styrarane i barnehagane i Gloppen. Rådmannen har vidare vendt seg til barnehagane i kommunen og bede dei om innspel til Gloppen kommune sitt høyringssvar. For å få størst mogeleg breidde i svara, har vi oppmoda barnehagane om å ta foreldra med i arbeidet og gje samarbeidsutvala ei sentral rolle.

Vi har fått tilbakemeldingar frå desse 6 av dei 8 barnehagane vi har i kommunen:

- Vereide barnehage
- Teina barnehage
- Solheim barnehage
- Mona barnehage
- Rygg barnehage
- Byrkjelo barnehage



Barnehagane har valt å kommentere ulike forhold ved det nye lovutkastet. Generelt er dei fleste reserverte til at ord som hensiktsmessig, tilfredsstillende, egnet, tilstrekkelig vert brukte på sentrale område som bemanning, gruppestorleik og areal i lovframlegget.

Formålsparagrafen vert kommentert i nokre av innspela. Råda er ikkje eintydige. Nokre ønskjer seg denne formuleringa: *barnehagens virksomhet skal bygge på de kristne grunnverdier*, medan andre vil halde på noverande formulering på dette punktet.

Framlegget til bemanning i lovframlegget har vore mykje debattert i media, og ikkje minst mellom dei tilsette i barnehagane. Spørsmålsstillingane er fleire. Kva utdanningskrav skal setjast til leiarar og pedagogisk personell i barnehagane, og kva krav skal setjast til personelltettleik. Dei fleste ønskjer vidareføring av noverande lov om leiing i barnehagane. Nokre støttar ny paragraf 18 B.

Dei fleste av barnehagane seier at av dei nye framlegga til pedagogisk bemanning (paragraf 19) er alternativ B det beste. Fleire er skeptiske til at det ikkje er sett krav til minimumsbemanning i barnehagane.

Eit par av barnehagane kommenterer at det bør inn i lova at eigar skal vere med i barnehagen sitt samarbeidsutval.

Ein av barnehagane kommenterer som spesielt positivt at barna vil få sterkare rett til medverknad etter ny paragraf 3.

Ein av barnehagane vektlegg at dannelsings- og læringsperspektivet bør kome sterkare fram, medan omsorgsperspektivet bør tonast ned.

Rådmannen si vurdering:

Intensjonen i lova om større fridom for eigarar til å bygge og drive barnehagar utan for strenge rammekrav følgjer ein trend i tida, og kan bere med seg mykje bra, som fleksibel og god utnytting av ressursar.


På den andre sida blir dette fort ein farleg veg. Norske kommunar er i ein pressa økonomisk situasjon i dag, og vi kan lett tenkje oss ei framtid der lokale og uteområde vert minimaliserte og bemanninga for lita, om staten ikkje lenger legg inn krav og føringar på desse områda. I denne situasjonen meiner rådmannen at det må stillast krav i lova som gjer at kommunane ikkje kan velje lettvinde løysingar ut frå ei målsetjing om å spare pengar.

Vi har registrert at framlegget til ny paragraf 1 og 2 har vore forholdsvis mykje debattert i media. Spesielt to forhold har vore i fokus:

- I kva grad barnehagen skal hjelpe til med å gje barna ei oppseding i samsvar med dei kristne grunnverdiane.
- I kva grad den nye lova i større grad bør ha meir fokus på læring og danning og mindre fokus på omsorg.

Rådmannen vil ikkje tilrå endringar på desse punkta i høve til høyringsutkastet. Kanskje burde dannelsingsomgrepet vore trekt inn som eit sentralt omgrep i paragraf 2.

Førskulelærarutdanninga har vore grunnelementet i den pedagogisk verksemda i barnehagane. Førskulelærarutdanninga bør framleis ha denne funksjonen. Dette bør også gjenspegle seg i lovteksten. Samstundes ser rådmannen at også andre pedagogiske høgskuleutdanningar kan



vere verdfulle for barnehagen, og det er difor rimeleg å opna for at slike utdanningar skal kvalifisere for pedagogisk arbeid i barnehagen.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Oppvekstutvalet rår til at departement og Storting tek omsyn til følgjande moment i arbeidet med ny barnehagelov:

§ 10 Godkjenning

Noverande arealnorm bør førast vidare i lovtekst.

§ 18 Leiing

Alternativ B i framlegget frå departementet vert tilrådd. Leiaren i barnehagen bør framleis ha tittelen styrar.

§ 19 Personale i barnehagen

Vi ønskjer at noverande norm for pedagogtettleik vert førd vidare i lovtekst.

Førskulelærerutdanninga bør framleis vere den utdanninga som er skreddarsydd for pedagogisk arbeid i barnehagen. Dette bør kome fram i lovteksten. Samstundes bør det opnast for at andre høgskuleutdanningar, med vidareutdanning i barnehagepedagogikk, kan kvalifisere for pedagogisk arbeid i barnehagen.

